

Høyringsfråsegn

Helse- og omsorgsdepartementet: Reservasjonsordningen for fastleger

Bergen, 29. januar 2014

Velferdstinget i Bergen vel å svara på denne høyringa, og takkar Helse- og omsorgsdepartementet for at me har moglegheit til dette.

Velferdstinget er ein samanslutnad av studentdemokratia tilknytt Studentsamskipnaden i Bergen (SiB) og representerer kring 27 000 studentar. Me er bergenstudentane si stemme andsynes SiB, utdanningsinstitusjonane, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og staten i velferdspolitiske spørsmål.

Våre studentar nyttar seg av fastlækjarordninga, enten hjå Studentsamskipnaden i Bergen (SiB) sine tenestar eller resten av det offentlege helsevesenet. Studentane me representerer vil bli påverka av den føreslåtte endringa.

Studentar som hamnar i ein vanskeleg livssituasjon skal kunne vere trygge på at den same fastlegen som har hjelpe dei med andre helserelaterte spørsmål òg skal kunne vere ein trygg og profesjonell samtalepartnar i spørsmål som omhandlar seksuell helse, prevensjon og abort. Å opna for at fastlegar skal kunne reservera seg mot å informera om og syna vidare til ein eventuell abort kan ikkje oppfattast som noko anna enn ei stillteiande fordømming av pasienten. Svangerskapsavbrot er ikkje ei avgjersle ein tek lett på, og er krevjande for alle involverte partar. Slik Velferdstinget i Bergen vurderer saka er det heilt essensielt at både studentar og andre har tilgjenge til ei god og uhilda offentlig helseteneste.

Velferdstinget i Bergen er av den oppfatning at forslaget om å opna for reservasjonsrett vil gjera ein vanskeleg livssituasjon langt tyngre for pasienten. Grunngevinga for kvifor offentlig tilsette legar skal kunne reservera seg mot ein del av det offentlege helsetenestetilbodet framstår som uklår, og i strid med prinsippet om at omsynet til den svakaste part bør vega tyngst.

Velferdstinget i Bergen tykkjer at pasienten sine rettar og ynskjer må vega tyngre enn lækjarane sine. Reservasjonsretten vil ytterlegare belasta individ i ein alt svært belasta livssituasjon. Me meiner at reserevasjonsretten ikkje må innførast.

Vyrdsamt

Tor Sivertsen Prestegard
Leiar, Velferdstinget i Bergen